



OPPLÆRINGS-
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2020



Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) var frå 1998 og fram til 01.01.2020 organisert som ein del av den fylkeskommunale drifta. Sidan den tid har OKOS vore drifta som eit eige rettsobjekt i tråd med forarbeidet til Opplæringslova.

OKOS er frå 01.01.2020 drifta som eit Samvirkeforetak (SA), noko som vi håpar kan vere med å gje medlemsbedriftene auka moglegheiter til styring og utvikling av OKOS.

Sjølv om driftsforma er endra så har ein likevel med seg over 20 års erfaring med arbeid, organisering og tilrettelegging for utdanning av lærlingar, læreandidatar og vaksne med praksis i eigen bedrift. Dette er eit viktig arbeid, og OKOS står som eit viktig ledd for heilheita i fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane.

Med hovudvekt av kontraktar innanfor helse- og oppvekstfag, yter OKOS eit viktig bidrag til utdanning av fagarbeidarar til deler av offentlig tenesteproduksjon sine viktigaste yrkesgrupper.

Det har i 2020 vore utfordrande å endre organisasjonsform sett i lys av Covid -19 med alle retningslinjer og smittevernstiltak som har avgrensa aktiviteten for fysiske møter, planlagde kurs og seminar for lærlingar og instruktørar. Samtidig har året gjort oss betre rusta slik at ein for framtida får lagt til rette for hyppigare digitale fagkurs, og tettare oppfølging av lærlingar ved å møte dei på digitale plattformer.

Vi er optimistiske og håpar å kunne rekruttere inn fleire medlemsbedrifter, då det i tida framover vil vere eit stort rekrutteringsbehov for arbeidskraft innanfor OKOS sine lærefag. Det er all grunn til å tru at OKOS vil kunne gje eit godt bidrag til fag- og yrkesopplæringa i åra framover.

14. april 2021



Anne Kristin Førde
styreleiar

Innhald

<i>Innleiing</i>	4
Styret	4
Sekretariat/administrasjon	4
<i>Medlemsbedrifter 2020</i>	5
<i>Fagbrev og kontraktar</i>	5
Historikk	5
<i>Rekruttering</i>	7
<i>Kurs og samlingar</i>	8
<i>Lærling- og lærebedriftsundersøkinga</i>	8
<i>Samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vidaregåande skule</i>	8
<i>Referansegruppe for faglege leiarar</i>	9
<i>Økonomi</i>	9
<i>Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene</i>	9

Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) legg med dette fram si første årsmelding som sjølvstendig organisasjon etter verksemdsoverdraginga frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ved årsskiftet 2019/2020.

Samtidig fekk OKOS ein ny fylkesadministrasjon å forhalda seg til, Vestland fylkeskommune.

Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring i offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

Styret har i siste periode hatt 3 møte og mottatt en statusrapport frå sekretariatet. I tillegg er det gjennomført eit konstituerande årsmøte.

Organisasjonen sine [vedtekter](#) som det formelle grunnlaget for OKOS si verksemd.

Løypande lærekontraktar blei vidareført i ny organisasjon utan at det hadde nokon praktisk konsekvens for lærebedrift, faglege leiarar, instruktørar eller lærling. Nokre historiske tall er derfor tatt med i årsmeldinga.

På vegne av sine medlemsbedrifter er OKOS juridisk ansvarleg for omlag 90 kontraktar i sentrale fag for den en offentlege tenesteproduksjonen for innbyggjarane i fylket. Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta tilrettelegging av spesialundervisning, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

Styret

Styret er samansett for 4 år og følgjer den politiske valperioden for kommunesektoren. Styre for perioden 2020-2023 har denne samansetninga:

Anne Kristin Førde	Styrelleiar (Bremanger kommune)
Arvid Stenehjelm	Nestleiar (Vestland fylkeskommune)
Solveig Inga M. Haugsvær	Medlem (Sunnfjord kommune)
Frode Merkesvik	Medlem (Høyanger kommune)
Bodil Iren Gjerde	Medlem (Fagforbundet)
Tova Kjæmpenes	1. varamedlem (Askvoll kommune)
Ole Jakob Nedrebø	2. varamedlem (Fjaler kommune)
Sigrun Bøe Perez	Varamedlem (Fagforbundet)

Sekretariat/administrasjon

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug

I tillegg har kontoret ein samla administrativ ressurs gjennom året på om lag 50%.

Kontoret er samlokalisert med fleire andre opplæringskontor i Concordbygget i Førde og er medlem i Opplæringskontoras samarbeidsutval (fellesorganisasjon for alle opplæringskontora i fylket); www.oksu.no

Dagleg leiar har i perioden 2019-2020 vore styremedlem i OKSU.

Medlemsbedrifter 2020

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

Pr. 31.12.2020 var desse lærebedriftene tilknytt opplæringskontoret:

Askvoll kommune	Sande barnehage
Bremanger kommune	Solund kommune
Fjaler kommune	Sunnfjord kommune
Gulen kommune	Vestland fylkeskommune
Hyllestad kommune	Vik kommune
Høyanger kommune	

Sande barnehage er ny medlemsbedrift av året, dei andre er vidareført frå tidlegare organisering.

Kvar medlemsbedrift har ein oppnemnd kontaktperson som varetek generelle administrative forhold slik som intensjonsavtalar, rekruttering, arbeidsavtale, tilskott, kontraktar og eventuelle endringar.

I tillegg har medlemsbedrifta faglege leiarar som organiserer den interne opplæringa slik at lærlingen/lærekandidaten får opplæring og vurdering i samsvar med læreplan, opplæringslov m/forskrifter og OKOS sitt regelverk/rutinar.

Som medlem i OKOS må bedrifta vere formelt godkjent som lærebedrift i dei enkelte fag og ha kvalifiserte faglege leiarar for den enkelte kontrakt. Fylkeskommunen godkjenner nye lærebedrifter etter søknad.

Fagleg leiar skal saman med anna leiing i bedrifta, sjå til at instruktørane er motiverte og kvalifiserte for arbeidet. Ei viktig oppgåve er å sikre at instruktørane har moglegheit til å gi den opplæringa som er nødvendig for å tilfredsstille krava til fullgod opplæring.

Dei tillitsvalte har også ei formell rolle i den interne fagopplæringa, ref. opplæringslova §4-7. Fagforbundet er representert i OKOS sitt styre.

Ingen lærlingar i medlemsbedriftene har vore permittert i perioden, men lærlingar i faga IKT/DATA og kontoradministrasjon har til tider vore i heimekontor på grunn av Covid-19.

Fagbrev og kontraktar

Historikk

I perioden 1997- 2020 har 782 personar i 14 ulike fag fullført si fagopplæring i medlemsbedriftene.

Av desse har 208 kandidatar (27 %) fått vurdert fag- eller kompetanseprøva til bestått mykje godt.

I 2020 hadde OKOS lærekontraktar i 6 fag. Dei dominerande faga er helsearbeidarfaget (HEA) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA), begge tilhøyrande i programområdet Helse og oppvekstfag.


Tal fag er avhengig av medlemsbedrifta si kompetanse og produksjon, aleine eller i eit formelt samarbeid med andre.

Fagprøveresultat - Kvalitetsutvikling


Ved ein gjennomgang av resultata for gjennomførte fagprøver dei siste 5 åra ser ein at det har vore ei positiv utvikling.

I 2020 var det 41 kandidatar som fullførte si utdanning. Av desse var det 17 som fekk vurdert prøva til bestått mykje godt.

Figuren nedanfor viser andel av kandidatar som har fått vurdert sin fagprøve som mykje godt bestått dei siste 5 åra.



Figuren nedanfor viser kor mange kandidatar som har fullført si opplæring dei siste 5 åra.



Rekruttering

Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar og oppdaterer [oversikt](#) over aktuelle arbeidsgjevarar og fag på heimesida.

I tillegg til bedrifta si eiga annonsering blir oversikta over ledige læreplassar også formidla direkte til aktuelle kandidatar i faga. Kandidatane må søke læreplass til dei aktuelle arbeidsgjevarane.

I 2020 blei det teikna 41 nye kontraktar (2019: 50).


Oversikta under viser utviklinga over ein periode. Innmeldt behov er i hovudsak elevar frå skole, men tal for kontrakt inkluderer også eigne vaksne tilsette.

Rekrutteringa i 2020 blei som venta noko svakare da Vestland fylkeskommunen ikkje hadde opna for teikning av fleire kontraktar til den nye opplæringsordninga «[Fagbrev på jobb](#)».

Dette er ei ordning for vaksne som allereie er i eit arbeidsforhold i lærebedrifta.

Helse- og omsorgssektoren, representert ved KS, Fagforbundet og Delta, har vore ein sentral nasjonal aktør for å få etablert ordninga som eit landsdekkande og varig opplæringsordning.

Det er forventa ei positiv avklaring frå fylkeskommunen for denne type kontrakt i 2021. Prognosen for nye kontraktar for 2021 tar til ein viss grad omsyn til det.



Pr. 31.12.20 hadde OKOS til saman 91 kontraktar i 6 ulike fag.

Kurs og samlingar

Smittesituasjonen har vore utfordrande for gjennomføring av kurs og samlingar. Fleire fysiske temasamlingar har blitt utsett eller avlyst.

Prioriterte tiltak som

- introduksjonssamling for dei nytilsette lærlingane i samarbeid med NAV
- instruktørkurs
- fagprøvesamlingar med prøvenemnd
- temasamling om spesialisthelsetenesta

har blitt gjennomført som planlagt.

I tillegg gjennomførast [7 obligatoriske fagkurs](#) som e-læring for lærlingane i helsearbeidarfaget.

OKOS har dekkja kursavgift for alle desse tiltaka.

Lærling- og lærebedriftsundersøkinga

Denne årlege undersøkinga blir gjennomført i regi av Utdanningsdirektoratet og gir indikasjonar på læresituasjonen i bedrifta sett frå lærlingane og fagleg leiar si side.

Undersøkinga blei utført i perioden 15. oktober – 20. desember 2020.

Resultata er som rutine tema med styre, på våre instruktørkurs og introsamlingar.

Lærlingundersøkinga viser at lærlingane har høg motivasjon og trivsel tilsynelatande fri for uønskt personleg oppmerksomd. Det synes som om lærlingane ønsker eit tettare samarbeid med faglege tilbakemeldingar frå sine instruktørar. Tilbakemeldingane kan også tyde på at det bør vurderast eit auka fokus på HMS-opplæring.

80% av lærlingane i undersøkinga vil anbefale eigen bedrift som lærestad. Totalt deltok 26 av 37 inviterte lærlingar i undersøkinga.

Lærebedriftsundersøkinga viser at overgangen frå skole til lærekontrakt framleis kan styrkast gjennom utplassering i bedrift (YFF), samt auke fokus på bruken av dei interne kompetanseplanane.

Alle dei 12 inviterte faglege leiarane deltok i undersøkinga.

Samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vidaregåande skule

Skulen ved avdeling for helse og sosial og opplæringskontoret har som intensjon å etablere ein samarbeidsavtale for mellom anna å samle dagens rutinar i ein overordna og tidfesta plan.

Målsettinga er å styrke overgangen mellom skole og lærebedrift (yrkesorientering og rekruttering), samt vidareutvikle eit generelt fagleg/administrativt samarbeid til beste for fagopplæringa i våre fag i regionen.

Referansegruppe for faglege leiarar

Den interne koordineringa av opplæringa for den enkelte lærekontrakt blir ivaretatt av fagleiar, ref. § 4-3 i Opplæringslova. Opplæringskontoret ønsker å bidra i kvalitetsutvikling i deira fag.

På slutten av året blei det derfor på initiativ frå opplæringskontoret etablert to referansegrupper.

I referansegruppa for barne- og ungdomsarbeidarfaget deltar Sande barnehage, Sunnfjord kommune og Solund barne- og ungdomsskule.

I referansegruppa for helsearbeidarfaget deltar Fjaler kommune, Sunnfjord kommune og Høyanger kommune.

Agenda for referansegruppene vil bli diskutert nærare i første møte.

Auka bruk av digital opplæring vil mellom anna vere eit naturleg tema.

Økonomi

Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene

Det blei utbetalt omlag 4,2 mill. (3,5 mil. i 2019) til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot og tilskot til forsterka opplæring av lære kandidatlar.

Rekneskapen

Det reviderte rekneskapen viser for driftsåret 2020 eit overskot på kr 246.030.-